

Busetting

2015 : 43

2016 : 51

2017 : 39

2018 : 16

2019 : 26

2020 : 17

2021 : 20

2022 : anmodning 36, vedtak 30, sak om auke til 36 i heradsstyret

Mrk. familiesameinte kjem i tillegg til heradet sitt vedtak.

212 kommunar har i år fått anmodning frå IMDi (Integrering og mangfoldsdirektoratet) om busetting av 5 500 flyktningar. Dei fleste busette kjem direkte frå utlandet, s.k. FN- eller overføringsflyktningar. Av desse er kun 141 einslege mindreårige. 159 flyktningar er busett på landsbasis p.d.

Dei største busette gruppene er frå Syria, Eritrea og Etiopia.

Heradet mottok eit integreringstilskot per person i 5 år inkludert busettingsåret. Dette tilskotet er på ca. 790 000 p.p. gjennom dei 5 åra, og skal dekke alle heradet sine utgifter til busetting og oppfølging. I tillegg er der eigne tilskot for flyktningar med helseutfordringer.

Organisering av Integrering og vaksenopplæring

Integreringstenesta

Har ansvar for busettingsprosessen, koordinering av tilbod til flyktningane, rettleiing og praktisk bistand, og introduksjonsprogrammet. Tenesta har og ansvar for fleire kurs for busette flyktningar.

EM-tiltaket

Ansvar for drift av bufellesskap for einslege mindreårige, og ettervern for ungdomar som flyttar ut av bufellesskapet. Har og ansvar for norske ungdomar som vert plassert i bufellesskapet i samarbeid med barnevernet (utnytting av ledig kapasitet)

Vaksenopplæringa

Ansvar for norskundervisning og samfunnsfag i introduksjonsprogrammet. Driv og grunnskuleundervisning for vaksne med rett til det, spesialpedagogikk til vaksne, arbeidsnorsk til arbeidsinnvandrarar, og kombinasjonsklasse for ungdom som ikkje er heilt klare for ordinær vidaregåande skule.

Busetting i praksis

Etter vedtak vert einskildflyktningar / familiar fordelt fortløpande til heradet gjennom fagsystemet IMDi-nett. Vi får kort svarfrist, må stadfeste når vi kan busette, og det vert forventa at vi busett i tråd med vedtak. Særs kort tid til å ordne bustad, skule- eller barnehageplass til born. Vi kjenner ikkje til samansetnaden av flyktninggruppa før vi får den einskilde fordeling.

Integreringstenesta førebur busettinga, og tek i mot flyktningane, vanlegvis på Flesland flyplass. Den første tida skal dei gjennom intervju / kartlegging i tenesta, registrering hos lokalt politi, fleire helseundersøkingar m.m.m. Mange må og ha rettleiing i korleiss å bu i ein norsk bustad.

Barn skal starte i skule innan tre månadar etter busetting, og vaksne skal starte i introduksjonsprogram snarast mogeleg, seinast innan tre månadar. Vi har og som mål at yngre barn skal ha tilbod om barnehageplass snarast mogeleg, men dette er vanskeleg midt i barnehageåret.

Heile tida skal dei ha tett oppfølging frå våre tenester, og ha hjelp med alt dei av ein eller anna grunn ikkje kan klare sjølv.

Vaksne har rett og plikt til introduksjonsprogram, lengda på programmet varierer etter kva utdanningsbakgrunn dei har. For deltaking i programmet får dei ei yting på 2G p.p., som skal dekke vanlege levekostnader.

Både barn og vaksne skal og ha tilbod om aktiviteter på fritiden, noko som mellom anna skjer gjennom samarbeid med m.a. Røde Kors.

Det er eit mål at så mange som mogeleg skal vere klar for ordinært arbeid eller skule etter gjennomført program

Integreringstenesta gir oppfølging til busette flyktningar i inntil 5 år.

Utfordringar i busettingsarbeidet:

Fleire flyktningar direkte frå utlandet, dvs. helit utan ferdigheiter i norsk

Norge sin politikk er å ta ut utsette grupper, dvs. at vi busett fleire barnefamiliar og flyktningar med helseutfordringar

Fleire flyktningar no som kjem frå områder med låg utdanning, og som står lenger frå det norske arbeidslivet

Fleire flyktningar som har liten røynsle med eit moderne samfunn.

Fleire vaksne flyktningar som treng norsk grunnskule i kombinasjon med, eller etter, introduksjonsprogrammet.

Fleire barn som har trong for særskilt oppfølging, både i skule og fritid

Oppsummert: fleire flyktningar som treng langvarig og tett oppfølging frå våre tenester.